

Butikken til Sandamarto kjem tilbake

15.07.2011



Kristian Bringedal kjem med vekt og emballasje til den ngamle butikken.

I all framtidssuksess er det viktig å ikkje gløyme røtene.  
Det erkjenner også Nilsen-familien og sundag føremiddag  
klokka 11.45 blir butikken til Sanda-Marto opna att!  
Bak disken vil ein finna eit av dei nye skota på Nilsen-stammen,  
som heiter Emilie. Ho skal samstundes vera turistvert, noko  
bygda har sakna så langt.



[Inngangen til gamlebutikken var døra lengst til høgre](#)

Førebel er den nye, men likevel gamle butikken udøypt, men håpet er at det i dei nærmaste dagane skal koma så mange gode forslag at det nye namnet kan målast på fasaden sundag. Eit førebels forslag er Martabu.

- Prosjektet er som ein skjønar i høgste grad uferdig, men vi startar no for å komma igang og så blir butikken i Gamlahuset til mens vi går, seier initiativtakar Morten Nilsen.

Mange har gode minner om butikken i kjellaren, som no blir innreia med ekspressfart.

Kultursjef Kristian Olav Bringedal er svært begeistra for prosjektet og oppmodar dei som måtte ha minner i form av gjenstandar eller rekvisita om å gje desse til Morten.

Ein er allereie godt på tur ettersom hyllene og pengeskrinet er intakt. Bringedal troppa i går opp med ei velvaksen vekt med lodd samt emballasje frå mellomkrigstida.

Dette blir noko meir enn ein vanleg kiosk, men det vil bli servert kaffe, is og vaflar og lagt ut aviser og brosjyrer som opplyser om tilbodet i bygda.

Det blir opning på måndagar, tysdagars og sundagar. På sikt kan det også bli tale om sal av slikt som båt-olje.

Det er rundt 150 år lange handelstradisjonar som blir ivaretake på denne måten. Gamlehuset vart bygt så tidleg som i 1863 av jekteskippar Olav Torgeirsson Døssland og Seselie Olsdatter Myklebust frå Neset.

Fem år seinare overtok sonen Harald Bergersen Myklebust og Marta Johannesdotter frå Vikebygd. Eitt av borna deira var Johan Mandius, som tok over butikken i 1904 og i 1911 vart gift med Marta Tomasdotter Haugland, Dei to levde til i 1945 og 1971. Marta dreiv krambua fram til 1962, Då gifta dottera Hjørdis seg med Harald Nilsen og vi er over i det som kan kallast vår tid. Fleire byggjesteg kom etter kvart - fram til dagens handelseventyr på Sanden.

Av Ola Matti Mathisen